



## Møteprotokoll for Eldreråd

**Møtedato:** 19.04.2021  
**Møtestad:** Teams  
**Møtetid:** 12:00 - 15:40

Det var felles orienteringsmøte for eldrerådet/råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet kl. 12.00. Deretter gjekk råda i egne møte for vedtakssaker.

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Olav Magnus Steinsland		Utvalseiar
Torhild Frøydis Skage Systak		Medlem
Einar Lygre		Medlem
Jostein Dale		Nestleiar
Reidun Taule		Medlem
Sigurd Knudsen		Medlem
Randi Iden		Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstatter medlem</b>
Mabel Johansen	H	

---

### **Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Leni Dale-kommunalsjef, Eirik Bouwer Utne-kultursjef, Ingrid Raniseth-rådgjevar Plan og byggesak, Eileen Feste-spesialkonsulent for kulturutvikling, idrett og frivilligheit, Bente Kopperdal Hervik-rådgjevar kultur, møtesekretær Arthur Kleiveland

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
014/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
015/21	Godkjenning av møteprotokoll
016/21	Detaljregulering for Langeland B5, gbnr. 3244 m.fl. - Offentleg ettersyn og høyring

- 017/21 Endring av Del III - Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune - Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk bokstav b
- 018/21 Oppretting av prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune - NY BEHANDLING
- 019/21 Temaplan for friluftslivets ferdselsårer - oppstart
- 020/21 Tiltak for meir kostnadseffektiv drift i helse og omsorg - oppfølging av PwC-rapport
- 021/21 Meldingar til eldrerådet 19.04.2021
- 022/21 Høyringsuttale - planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv

## **014/21: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Eldreråd 19.04.2021:**

### **Behandling:**

Eldrerådet godkjenner innkalling og saksliste.

**ER- 014/21 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

## **015/21: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Eldreråd 19.04.2021:**

### **Behandling:**

Eldrerådet godkjenner møteprotokollen for 8. mars.

**ER- 015/21 Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

## **016/21: Detaljregulering for Langeland B5, gbnr. 3244 m.fl. - Offentleg ettersyn og høyring**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 19.04.2021:**

### **Behandling:**

1) I saksutgreiinga går det fram at det frå kommunen si side er stilt krav om at 50% av bueiningane skal ha trinnfri tilkomst. Dette meiner vi er altfor lite, og i planarbeidet framover må det leggjast til grunn at

ein langt større del, helst alle nybygde bueiningar har trinnfri tilkomst. Ein bustad skal ikkje berre fungera på innflyttingstidspunktet, men òg når dei som bur der går over i ein annan livsfase. Vidare skal bustaden ikkje berre vera open for dei som bur der, men òg t.d. for ein nabo i rullestol som kjem på besøk.

2) I den vidare oppfølginga av planen må det leggjast vekt på universell utforming,

medrekna trinnfri tilkomst. M.a. er det viktig å kunna koma inn med rullestol eller tvillingbarnevogn ikkje berre i blokkene, men òg i einebustader og rekkjehus.

3) Generelt opplever rådet at vi kjem for seint inn i denne typen saker. Vi ønskjer difor å få byggjesaker som tema på eit seinare møte, med orientering frå tilsette i kommunen som arbeider med denne typen saker.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **RMNF- 018/21 Vedtak:**

1) I saksutgreiinga går det fram at det frå kommunen si side er stilt krav om at 50% av bueiningane skal ha trinnfri tilkomst. Dette meiner vi er altfor lite, og i planarbeidet framover må det leggjast til grunn at

ein langt større del, helst alle nybygde bueiningar har trinnfri tilkomst. Ein bustad skal ikkje berre fungera på innflyttingstidspunktet, men òg når dei som bur der går over i ein annan livsfase. Vidare skal bustaden ikkje berre vera open for dei som bur der, men òg t.d. for ein nabo i rullestol som kjem på besøk.

2) I den vidare oppfølginga av planen må det leggjast vekt på universell utforming, medrekna trinnfri tilkomst. M.a. er det viktig å kunna koma inn med rullestol eller tvillingbarnevogn ikkje berre i blokkene, men òg i einebustader og rekkjehus.

3) Generelt opplever rådet at vi kjem for seint inn i denne typen saker. Vi ønskjer difor å få byggjesaker som tema på eit seinare møte, med orientering frå tilsette i kommunen som arbeider med denne typen saker.

#### **Ungdomsråd 19.04.2021:**

##### **Behandling:**

#### **UR- 017/21 Vedtak:**

Tatt til orientering. Samrøystes

#### **Eldreråd 19.04.2021:**

##### **Behandling:**

Ingrid Raniseth-rådgjevar Plan og byggesak orienterte om saka.

Eldrerådet slutta seg til utgreinga og tidlegare vedtak i saka.

#### **ER- 016/21 Vedtak:**

Eldrerådet slutta seg til utgreinga og tidlegare vedtak i saka.

## **017/21: Endring av Del III - Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune - Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk bokstav b**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alkoholpolitisk plan 2020 -2024 Del III Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider - Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk bokstav b vert endra til:  
Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 på dagar før søn- og heilagdagar kan skje frå klokka 09.00 til klokka 18.00. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag. Påske-, pinse- og nyttårsaftan er salstida til klokka 16.00.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 19.04.2021:****Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 8 røyster, mot 1 røyst (Else Marie Dale-Krf)

**RMNF- 019/21 Vedtak:**

Ingen merknader.

**Eldreråd 19.04.2021:****Behandling:**

Eldrerådet har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg til vedtak.  
Samrøystes

**ER- 017/21 Vedtak:**

Eldrerådet har ingen merknader i saka.

**018/21: Oppretting av prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune - NY BEHANDLING****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune innfører alternativ 4 - kulturpris og frivilligpris, slik det går fram av rådmann sitt framlegg.

Prisane skal delast ut første gong i 2021.

## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 19.04.2021:**

### **Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

### **RMNF- 022/21 Vedtak:**

Ingen merknader.

## **Ungdomsråd 19.04.2021:**

### **Behandling:**

#### **UR- 021/21 Vedtak:**

UR støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

UR ber kontaktperson for UR om å sjå på moglegheit for oppretting av eigen "Ungdomspris - frå ungdomsrådet".

Samrøystes

## **Eldreråd 19.04.2021:**

### **Behandling:**

Eileen Feste-spesialkonsulent for kulturutvikling, idrett og frivilligheit orienterte i saka.

I tillegg til rådmannen sitt framlegg til vedtak (alt. 4 - kulturpris og frivilligpris) vart det i eldrerådet også sett fram alt. 1 i saksutgreiinga til avrøysting (tre prisar - kulturpris, idrettspris, frivilligpris).

Seks medlemmar røysta for alternativ 1 - sett fram i møtet (Jostein Dale, Randi Eknes, Sigurd Knudsen, Einar Lygre, Reidun Taule, Kirsti Gjetle Floen).

Rådmannen sitt framlegg (alt. 4) fekk 3 røyster (Olav Steinsland, Torhild Skage Syslak, Mabel Johansen) og fall.

Eldrerådet støttar dermed alternativ 1 - med tre prisar (kulturpris, idrettspris og frivilligpris).

### **ER- 018/21 Vedtak:**

#### Uttale frå eldrerådet:

Eldrerådet støttar alternativ 1 for oppretting av prisar i Alver kommune.

## **019/21: Temaplan for friluftslivets ferdssårer - oppstart**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur vedtek oppstart av Temaplan for friluftslivets fedselsårer i Alver kommune.

## **Ungdomsråd 19.04.2021:**

### **Behandling:**

#### **UR- 022/21 Vedtak:**

UR støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak. Samrøystes

## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 19.04.2021:**

### **Behandling:**

Det er viktig at planen inneheld opplysningar om i kva grad det einskilde turområdet ligg til rette for ulike brukargrupper, moglegheiter for parkering osv.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **RMNF- 020/21 Vedtak:**

Det er viktig at planen inneheld opplysningar om i kva grad det einskilde turområdet ligg til rette for ulike brukargrupper, moglegheiter for parkering osv.

## **Eldreråd 19.04.2021:**

### **Behandling:**

Bente Kopperdal Hervik-rådgjevar kultur orienterte.

Det vart i eldrerådet sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

Eldrerådet synest at denne kartlegginga er svært positiv og vil gjerne koma tilbake til saka ved eit seinare høve.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale.

#### **ER- 019/21 Vedtak:**

Uttale frå eldrerådet:

Eldrerådet synest at denne kartlegginga er svært positiv og vil gjerne koma tilbake til saka ved eit seinare høve.

## **020/21: Tiltak for meir kostnadseffektiv drift i helse og omsorg - oppfølging av PwC-rapport**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert starta opp eit 4-årig administrativt prosjekt for leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift i sektor helse og omsorg som rapporterer undervegs fagleg til utval for

helse og omsorg og på økonomi til formannskapet.

Organisering av dag- og aktiviseringstilbudet for brukarar i habiliteringstenesta vert evaluert og samstundes vert det starta opp dialog med vekstbedrifter om mogleg utviding av tilbudet.

Auka tal avlastingsplassar til barn og unge ved Kvasten bustad og avvikle kjøp av plassar hjå private aktørar.

#### **Ungdomsråd 19.04.2021:**

##### **Behandling:**

##### **UR- 023/21 Vedtak:**

UR støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak. Samrøystes

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 19.04.2021:**

##### **Behandling:**

Rådet støttar rådmannen sitt framlegg, og imøteser vidare involvering.

På møtet vårt i juni kjem vi tilbake til representasjon i referansegrupper i prosjektet, og til korleis vi ønskjer at desse gruppene vert trekte inn.

Det er viktig at det heilt frå starten av ligg til grunn at tenestemottakarane skal kunna leva aktive liv, med størst mogleg sjølvstende.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

##### **RMNF- 017/21 Vedtak:**

Rådet støttar rådmannen sitt framlegg, og imøteser vidare involvering.

På møtet vårt i juni kjem vi tilbake til representasjon i referansegrupper i prosjektet, og til korleis vi ønskjer at desse gruppene vert trekte inn.

Det er viktig at det heilt frå starten av ligg til grunn at tenestemottakarane skal kunna leva aktive liv, med størst mogleg sjølvstende.

#### **Eldreråd 19.04.2021:**

##### **Behandling:**

Leni Dale-kommunalsjef orienterte i saka.

Eldrerådet har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg  
Samrøystes

##### **ER- 020/21 Vedtak:**

Eldrerådet har ingen merknader.



## **021/21: Meldingar til eldrerådet 19.04.2021**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

### **Eldreråd 19.04.2021:**

#### **Behandling:**

Leni Dale-kommunalsjef orienterte om status for korona/vaksinering, og om innflyttingsplan i Helsehuset.

Eldrerådet vart også orientert om Sparebanken Vest sitt svar på rådet sitt innspel knytt til nedlegging av minibankar i Alver.

Eldrerådet tok meldingar til orientering.

### **ER- 021/21 Vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

## **022/21: Høyringsuttale - planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner høyringsinnspelet, slik det ligg føre i saka.

Høyringsinnspelet vert oversendt i form av eit eige dokument, med saksframlegget som vedlegg.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 19.04.2021:**

#### **Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

### **RMNF- 023/21 Vedtak:**

Ingen merknader.

### **Ungdomsråd 19.04.2021:**

#### **Behandling:**

### **UR- 020/21 Vedtak:**

Tatt til orientering, samrøystes.

## **Eldreråd 19.04.2021:**

### **Behandling:**

Kultursjef Eirik Bouwer Utne orienterte i saka.

Mabel Johansen har utarbeidd eit notat om "Sosial bærekraft med fokus på barn og eldre", som ho la fram for eldrerådet.

Eldrerådet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med Mabel Johansen sitt notat knytt til eitt av tre sentrale plantema: Deltaking, medborgarskap og mangfald.

### **Mabel Johansen sitt notat "Sosial bærekraft med fokus på barn og eldre".**

#### Utfordringene etter Covid-19.

De fysiske møteplassene er borte.

Folk har sluttet å gjøre ting sammen.

Bruk av digitale verktøy er regelen både til hverdag og fest, i veldig stor grad.

Vi vet ikke hvilken effekt dette har på barn som vokser opp i vår tid. Deres erfaring i 2020/21 har vært fravær av møte mellom generasjoner og derfor er det behov for å se på hva som finnes av ressurspersoner i lokalmiljøet, til å formidle hvordan det var før corona: formidle lokale uteaktiviteter, uteleker, plasser mm. En må erkjenne at det har vært lite samhandling før corona-pandemien, og særlig nå i denne perioden.

#### Utgangspunkt:

Utfordringsnotat til Planstrategi for Alver kommune (s.53):

#### Sitat:

Det er hovedsaklig tre trender som påvirker den sosiale bærekrafta i Alver kommune de nærmeste årene og gir utfordringer mhp inkludering og integrering:

- Antall eldre vil øke kraftig
- Ungdomskullene blir større, allerede i dag er de store
- Innvandrere, el. barn av innvandrere, utgjør en større andel av befolkningen

(sitat slutt)

Dette er en potensiell ressurs for vårt lokalsamfunn!

Men:

24% av elevene svarer at de er veldig mye plaget av ensomhet, økende med lavere familieinntekt. Blant familier med dårlig råd er svaret 50%.

Det er svært påkrevet å ta denne utviklingen på alvor!

Antall eldre vokser. Den generelle helsetilstanden blant eldre er betydelig bedret de siste årene. Det betyr at eldre i dag har bedre forutsetninger for deltaking og aktivisering enn tidl. generasjoner. Deres ledige tid er en potensiell ressurs for barn og unge og lokalsamfunnet vårt.

Menneskenes grunnleggende behov endrer seg lite!

Hva som vil være nødvendig i framtiden for å lykkes i arbeidslivet (og familielivet)

Hvilken kompetanse må styrkes: Det menneskelige – følelser, opplevelser og erfaringer – hvordan er det å leve og arbeide som mennesker?

Hvordan håndtere det uventede – når omstendighetene er uforutsigbare? Hvilke kompetanser og styrker er viktig for å møte det uventede på en god måte? Verden er i økende grad kompleks og effektivitet er ikke nødvendigvis lenger den viktigste rettesnoren. F.eks. en pandemi: du kan planlegge for at det skal skje, men ikke når tid.

Hva trenger vi da?

Styrke kontakten/båndene mellom mennesker – bygge sterke og gode relasjoner – styrke og videreutvikle en kultur for at folk hjelper hverandre.

Dette er også særdeles viktige ferdigheter å utvikle for det framtidige arbeidsliv, som våre barn og unge skal tre inn i, utforme og bidra positivt inn i.

*Utvikle og styrke en hjelpsomhetskultur – derfor er det særlig viktig at kvinner kommer på banen! (dette har jo tradisjonelt vært regnet som en styrke hos kvinner).*

*En viktig kompetanse for framtiden er å kunne håndtere det uventede! Nesten alt vil fungere i framtiden også, men det uventede vil også skje, så hvordan forberede seg på det vi ikke vet vil komme?*

*Dette lærer du ikke på skolen! Dette lærer du i livets skole – derfor er det nødvendig med økt samhandling barn, unge og eldre.*

*Når samfunnet åpner opp igjen bør vi se på mulighetene for mer samhandling og hvordan eldre og barn kan knyttes bedre sammen.*

*Dette vil også være helt i tråd med intensjonene i strategien Leve heile livet.*

**ER- 022/21 Vedtak:**

Uttale frå eldrerådet:

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til høyringsuttale til planprogrammet, med tillegg til notat lagt fram i møtet - knytt til plantema Deltaking, medborgarskap og mangfald.